



Leikanger barneskule
leikanger.barneskule.no
Telefon: 576 52 610



Vekeplan skuleåret 2021/2022

Vekenummer: 24

Klasse: 5A og 5B

		MÅNDAG 13/6	TYS DAG 14/6	ONSDAG 15/6	TORSDAG 16/6	FREDAG 17/6
1	09.00 09.45	Fjelltur 5.-6. klasse	5A: Matte 5B: Samf.fag	Balldag 5.-6. klasse	Siste skuledag Tur med 1. klasse	SOMMAR-FERIE (avspasering for sommarfesten)
2	09.45 10.30		5A: Norsk 5B: Samf.fag			
3	10.45 11.30		5A: Engelsk 5B: Matte			
4	12.00 12.45		Avslutning for dei som flyttar			
5	12.45 13.30		Rydd klasseromma			
6	13.45 14.30					

Lekse til tysdag:

Lag kort til dei som flyttar. Skriv ei fin helsing og teikn gjerne noko fint. Bruk begge sidene, og hugs at arket skal vera ståande

5A: Beate Neset, beate.flugheim.neset@sogndal.kommune.no, tlf: 97 04 20 26

5B: Arnstein Hauge Arnstein.hauge@sogndal.kommune.no tlf: 91 53 63 37



Leikanger barneskule
leikanger.barneskule.no
Telefon: 576 52 610



Meldingar til heimen:

Minner om at **alt** i garderoben skal heim før sommaren. I tillegg samlar me inn dataane + ladarar for sommaren. Desse kan takast med tysdag. Hugs òg å ta med Leseforståing 5-boka og eventuelle biblioteksbøker frå skulen de har heime.

Måndag vert det felles fjelltur saman med 6. klasse. Fint om alle møter på Kleppa kl. 09.00. Me skal gå ut til Eggja, før me går tilbake til skulen via Kleppa og Heggdalene. Ta med mat, drikke, sitjeunderlag og høvelege klede og sko. Om du vil, kan du ta med ein liten tursjokolade. Me avsluttar dagen på skulen til vanleg tid.

Onsdag er balldag for 5. og 6. klasse på skulen heile dagen. Det kan vera lurt å gå i gymklede denne dagen, i tillegg til å ta med ei drikkeflaske.

Torsdag er det siste skuledag, og me reiser på tur saman med 1. klasse fram til felles avslutning av skuleåret i amfiet på slutten av dagen. Me både startar og avsluttar dagen på skulen til vanleg tid. Ta med nistemat (grillmat om du vil), vedkubbe, sitjeunderlag og drikkeflaske. Det er lov til å ta med ei lita brusflaske, om du vil.

Neste skuleår skal elevane ha dei same klasseromma som no, og kontaktlærarar vert Beate for 6A og Gunnvor Tisthamar for 6B. Kven andre som vert med i klassane, veit me foreløpig ikkje. Første skuledag etter sommarferien er måndag 15. august.

Håpar alle får ein kjempefin sommarferie!
Mvh. Arnstein og Beate

5A: Beate Neset, beate.flugheim.neset@sogndal.kommune.no, tlf: 97 04 20 26

5B: Arnstein Hauge Arnstein.hauge@sogndal.kommune.no tlf: 91 53 63 37